

Årsmøte 2023

18.februar

Klones

Det var med 23 medlemmar på årets årsmøte.

Sak 1: Innkallinga vart godkjent.

Sak 2: Sakslista vart godkjent.

Sak 3: Dag Lianes – leiar -vart vald til møteleiar

Sak 4: Godkjenning eller nekting av stemmerett for medlemmar, samt gje observatørar rett til å vere til stades.

Alle fram møtte vart godkjent med stemmerett.

Sak 5: Tor Ivar Hovhaugholen vart vald til referent.

Tellekorps blir vald om det blir kravd skriftleg avstemming.

Jørn Bilben og Bjørn Sæta vart vald til å signere protokollen.

Sak 6: Årsmeldinga for 2022 vart gjennomgått av leiar.

Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 7: Rekneskap 2022. Gaute Aamlid - kasserar - gjekk gjennom rekneskapen.

Rekneskapen er revidert og funne i orden.

Utgifter til Dovreutstillinga er ført både i årsrekneskapen og i rekneskapen for

Dovreutstillinga. Blir sjekka av kasserar og leiar saman med kasserar for

Dovreutstillinga og evt kasserar og leiar i Gudbrandsdal ehk. Utgreiing blir sendt ut til medlemmane i ettertid.

Rekneskapen vart godkjent med atterhald om at utgiftene til Dovreutstillinga blir sjekka ut.

Leiar og nestleiar blir gjeve signaturrett på vegne av Jotunfjell Fjordane elghundklubb.

Sak 8: Innkomne saker.

- Innkalling av hund ved laushundprøver:

Vedtak: Saka blir utsett til neste årsmøte. Laushundkomiteen kjem med revidert framlegg til neste årsmøte.

- Revisjon av lover for Jotunfjell Fjordane ehk:

Vedtak: Forslag til lovene vart vedteke med følgande endringar:

Pkt om samarbeidsavtale med Sør-Trøndelag blir teke ut. (Einstemmig).

Årsmøte skal berre haldast fysisk. (19 for, 4 mot).

- RS-saker:

Val 2023 – følgjande framlegg:

Endre Stakkerud – leiar

Eivind Haugseth – nestleiar

RS-viseordfører – Anders Nyhus

Helsefremmende tiltak for avl – NES

Vedtak: Støttar framlegget frå FS.

Nasjonal unghundprøve:

Vedtak: Støttar framlegget frå FS.

Oppheve vedtak frå 2014 om maks 4 års verketid:

Vedtak: Støttar framlegget frå FS.

Oppretting av Nordvestlandet Elghundklubb:

Vedtak: Årsmøtet støttar oppretting av Nordvestlandet Elghundklubb.

Sak 9: Budsjett for 2023 samt medlemskontingent.

Kasserar gjekk gjennom budsjett.

Framlegg om å vidareføre same medlemskontingent.

Budsjett for 2023 vart godkjent.

Sak 10: Val

Nytt styre for 2023:

Leiar: Dag H. Lianes (1 år) vald til styret i 2022 for 2 år

N.leiar: Tor Ivar Hovhaugholen vald i 2022 for 2 år

Kasserar: Gaute Aamlid vald i 2022 for 2 år

Styremedl.: Rita Gausemel vald i 2023 for 2 år

Styremedl.: Leif Einar Olsen vald i 2023 for 2 år

Vara: Aina Torjul vald i 2023 for 1 år


Vidar Kleiven vald i 2023 for 1 år

Valkomite: Egil Kveen leiar
Rolf Grindstuen
Geir Aardalsbakke

Revisor: Ola Auale vald i 2023 for 1 år

RS – delegatar: Styret får fullmakt til å velje dette.

Jørn Bilben



Bjørn Sæta

